



Fylkesmannen i Hordaland  
P.b 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/1366 - 15/10921

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
01.06.2015

## Høyringsbrev - Søknad om dispensasjon frå LNF-område i kommuneplanen sin arealdel - Arealoverføring frå gbnr 45/8 til gbnr 45/91

### Oversending av søknad til uttale:

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommuneplanen sin arealdel for arealoverføring av ca 550 m<sup>2</sup> frå landbrukseigedomen 45/8 til fritidseigedomen 45/91. Tiltakshavar er Stein Ove Vikebø, som er heimelshavar til gbnr 45/8.

Føremålet med arealoverføringa er i følgje søknaden å sikre fritidseigedomen 45/91 tenleg areal for hage og parkering i samsvar med det som har vore reell bruk i lengre tid. Det vert vist til vedlagt søknad dagsett 5.5.15 i sin heilskap.

### Planstatus:

Eigedomane ligg i uregulert område, som i kommuneplanen sin arealdel (KPA) er vist som LNF-område.

### Nabovarsling:

Søknaden vart nabovarsla i perioden 5.-7. mai 2015. Det er ikkje merknader til søknaden.

### Dispensasjon etter pbl kap 1 og § 19-2:

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå. I § 1-1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: *Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.*

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål. Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

#### **Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:**

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast. Føremålet fritidsbustad er i strid med overordna plan, og det må vurderast om det er grunnlag for dispensasjon.

Etter ei førebels vurdering har administrasjonen ikkje vesentlege negative merknader til søknaden. Det vert vurdert som ein fordel at arealoverføring vil sikre samsvar mellom matrikkelregistrert og reell/avtalt bruk av arealet. Med tilvising til vedlagt uttale frå landbruksmynde i Meland kommune, vil administrasjonen vurdere å sette som vilkår for arealoverføring at grense mot søraust vert trekt 3-4 meter lenger mot nord, slik at det vert liggjande att eit bufferareal mot jordbruksarealet, sjå vedlagt notat dagsett 1.6.2015.

#### **Frist:**

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar skal søknaden om dispensasjon sendast regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordland – Kommunal- og samfunnsplanavd. og Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Jordlovsvurdering arealoverføring frå 458 til 45/91

Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel LNF-område for arealoverføring frå gbnr 45/8 til 45/91

Rekvisisjon av oppmålingsforretning

Nabovarsel

Kart

**Kopi til:**  
Stein Ove Vikebø

Vikebø 8

5917

ROSSLAND

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland  
Hordaland Fylkeskommune

P.b 7310 5020  
Regionalavdelinga 5020

BERGEN  
BERGEN